

Årsmelding for Øvre Naustdal Utmarkslag 2022

Historikk for årsmøter i ØNU sidan 2010 er å finne på nettsidene vår her:

<http://kringlen.com/onu-underside-aarsmote.html>

Styret har i 2022 vore samansett slik:

Normund Svoen – leiar

Odd Vonen – nestleiar

Anders Neset – sekretær/storvaldkontakt

Gudmund Eimhjellen – styremedlem/storvaldkontakt

Kjell Klopstad – styremedlem

Varamedlem:

Narve Fimland (har møtt på dei fleste møter)

Inge Svorstøl

Revisorar:

Olav Svoen

Torstein Svorstøl

Valnemd til årsmøte 2023:

Arne Dvergsdal - leiar

Andreas Sørebo

Rekneskapet er ført av Karen Marie Elvik Svoen

Styremøter

I løpet av 2022 har vi hatt 2 styremøter. Det har også som før om åra vore kommunikasjon over telefon, tekstmeldingar og epost. Det meste av aktiviteten vår har vore kommunisert over Facebook-sida til ØNU og noko på tekstmelding til medlemane.

Arrangement/ Prosjekt som laget har vore inne i siste året:

- **Årsmøte.** Arrangering av årsmøte 09.03.22 – Fimlandsbua – som dei siste åra også med storvaldsaker. 7 medlemer møtte.
- **Fiskekortsalg og båtutleige.** Båtane har vore flittig i bruk store deler av sesongen – både i Svovatnet og i Vonavatnet. Skade på eine båten i Vonavatnet medførte at denne var ute av drift ein kort periode. Også i 2022 har Utmarkslaget tatt ansvar for utsetting, innsetting og lagring av Barnas Turlag sine 2 kanoer i Vonavatnet og 4 H sine 2 kanoar ved Svobrua. Kanoane har vore mykje i bruk og er openbart eit godt familietiltak. Petter Fimland har fom sesongen 2022 følgd med båtane i Vonavatnet. Bl.a. at dei er dratt opp, at bunnproppane er dratt ut, at dei er festa og ligg skikkeleg, at årane er plassert ved bua og at vestane er på plass og hengt opp slik at dei tørkar.
- **Betalingsparkering ved parkeringsplassen ved Vonavatnet og Øyjord.** Framleis god oppslutnad om betalingsparkeringa -utgjer ei viktig inntekt for laget og vi får betalt ut både for grunnleige (ved Vonavatnet) og brøyting (Øyjord) -jfr rekneskapen. Det blei i 2022 også oppretta betalingsparkering ved Svo-svingen og ved Svobrua i forbindelse med at det no også blir brøyta her. Det aller meste av innbetalingane skjer på Vipps.
- **Utfisking i Vonavatnet** (utdrag frå rapport frå Ola Kringlen 14.11.22 - jfr nettsida med

årsmøtepapirer)

Tabellen under omfatter alle år vi har ført nøye statistikk over uttaket, og også i 2022 har uttaket vore stort. Det er trong for årleg uttak framover omkring minimum 6000 fisk. Vi søker i 2023 om meir midlar til utfiskinga. Det har vore kontakt med Fylkeskommunen og dei lyser no ut midlar som også gjeld innlandsfiske og desse er no søkt på. På nettsida med årsmøtepapirer ligg også uttale frå fiskeribiolog Harald Sægrov vedr utfiskingstiltaket som er brukt i søknaden.

Årstal	Antal fisk	Garndøgn	Prosent Aure	Prosent Røyr
2014	3872	170	24	76
2015	11344	953	30	70
2016	2826	602	59	41
2017	1980	283	67	33
2018	4422	344	60	40
2019	5618	400	55	45
2020	6202	291	46	54
2021	6042	394	72	28
2022	8066	573	57	43
Sum	51372	4010	56	44

Ola Kringlen har framleis ansvaret for koordinering av utfiskinga i Vonavantet og gjer ein stor jobb med dette.

- **Trekning av reinsdyrløyver og jakta 2022**

Arne Dvergsal har ansvaret for å følge opp ØNU sine interesser når det gjeld villreinjakta i vårt område i Førdefjella villreinområde. Han deltek i møter, held orden på tildeling av løyver, trekning blant våre medlemmer, rapportering om avskyting etc.

I høve reinsdyrjakta i 2022 blei det delt ut ti løyver som blei fordelt slik:

Jølster 2 løyver (1 ungbukk, 2 simle/ungdyr, og 2 kalv)

Naustdal 2 løyver (1 ungbukk, 1 kalv)

Gloppen 5 løyver (1 simle ungdyr, 2 simler, 2 kalv)

Førde 1 kalv

Trekning frå søkarar frå ØNU gav løyver slik:

Beste løyve blei trekt ut på Arild Bruflot – 1 ungbukk. Sverre Stenberg fekk nest beste løyve 1 kalv og Svein Svorstøl blei trekt ut som reserve.

Begge dyra trekt ut på Naustdal blei felt.

Sjå elles <http://www.villrein.no/frdefjella-2/>

- **Småviltsituasjonen.**

Florø jeger og fisk lagde også i 2022 ein takseringsrapport for same området som dei gjorde i 2018-21 for Nes, Godtdalen og Vonamarka. Relativt uendra forhold frå tidlegare år og det er tilrådd svært forsiktig uttak. Elles er det intensivert uttak av predatorer som rev og mår – jfr vedlagt rapport på nettsida.

- **Stiprosjektet.**

I 2022 ingen nye stiprosjekt. Kun vedlikehold av stiar som ligg der. Arne Dvergsdal har

oppynet med stiane og merker om att der merkinga er slitt eller forsvinn.

Årets utmarking 2021-22 utdelt til «Tone PåTur»Naustdalslid

Jfr orientering i årsmelding for 2021.

- **Hjortejakt**

Jaktåret 2022 var fjerde sesongen etter samanslåinga av Utmarkslaget og Instedalen Storvald. Det er framleis Gudmund Eimhjellen og Anders Neset som har hovudansvaret for hjortesaker i styret.

Det blei ikkje arrangert jaktfeltleiarsmøte før hjortejakta i 2022 men sendt ut detaljert info på tekstmelding til jaktfeltleiarane og informert på Fb sidene våre.

All jakt samt «sette og skutte dyr» skulle rapportereast elektronisk på «Sett og skutt» (Hjorteviltregisteret). Styret har følgd med på rapporteringa i løpet av hjortejaktperioden. Rapporteringa har vore god dei siste 2 åra.

Fellingsstatistikk har vore løpande lagt ut på «Hjortebørsen» på Fb sidene våre. All informasjon er henta frå Hjorteviltregisteret som lagrar alle data ført av jegerane på «Sett og skutt». Med unntak av felling av skrapdyr som går utanom kvoten er der er ingen annan kontroll med fellingane enn det som blir ført på «Sett og skutt». Fellingane skal rapportereast kontinuerleg!

Hjortebørsen for Øvre Naustdal Utmarkslag/Instedalen Storvald pr jaktslutt 23.12.22: 29 dyr (av totalt 50 løyver) felte i 12 av dei 15 jaktfelte i Storvaldet. Detaljinformasjon for det enkelte jaktfelt blei lagt ut på Utmarkslaget sine Fb sider 28.12.22

Informasjonen er henta frå <https://hjorteviltregisteret.no>

- **ØNU sin administrasjon av løyve til scooterkøyning i LV området.**

Også i 2022 var det få som nytta transportløyvet som ØNU administrerer på vegne av grunneigarane i LV området, men nokon fleire enn året før. Vi fekk i 2019 nytt løyve til å disponere 10 turar pr år som gjeld for perioden 2020 – 2024 - 2. jan til 15. april desse åra. Grunneigarane har sett pris på ordninga som vi på kort varsel enkelt ordner via tekstmeldingskommunikasjon med den enkelte grunneigar.

- **Tiltak ved Svobrua friluftsområde**

- Utlegging av badesand i grundtområdet i vatnet rett utfor plassen. Sanden blei frakta frå Jubrauta og utlegginga blei gjort på våren delvis på dugnad. Resultat blei bra og mange familier brukte plassen til bading i dei korte periodane forrige sommar det var badetemperaturar.
- Grindbygget kom opp i løpet av sommaren og blei eit bruksvenleg stasbygg som løftar området betydeleg. Bygget er som kjent laga av tømmer frå Svoa som Olav Svoen har felt og saga. Bygget er for det aller meste laga i eit industribygg ved gamle Ankerløggen i Førde av lærlingar i eit ByggOpp-prosjekt, tatt ned og reist igjen av Roy Egil Nitter og hans lærling på ettersommaren. Bygget har bordkledning på eine kortveggen og halvdelen av eine langveggen. Alt trevirke blei beisa både utvendig og innvendig med tjærebeis. Torvtaket blei lagt på dugnad der mange deltok. Bygget blei offisielt opna av ordførar Jenny Følling ved eit godt besøkt arrangement 02.10.22. Opninga fall på dagen for 10 årsjubileet for Svobrua Friluftsområde. Bygget er finansiert i eit felleskap med

støtte frå Utviklingsfondet for Naustdal Gjengedal landskapsvernområde, Instedalen bygdekvinnelag, Instedalen krins, Von 4H og Naustdal Jeger- og fiskelag. For detaljinfo om finansiering sjå rekneskapen.

Om vinteren fungere bygget som lagerplass for båten, kanoane og utstyret elles som høyrer med.

- I sommar har det vorte klart at parkeringsplassen ved Svobrua er for liten. Styret arbeider med planlegging av utviding av plassen nordover med 10 meter. Tiltaket er søknadspliktig og krev dispensasjon. Det vil bli søkt på fondsmidlane frp Landskapsvernområdet for dette.

- **Økonomi**

Rekneskapen viser at vi i 2022 fekk inn kr 22670 på fiskekort/båtutleige og parkering – litt lågare enn i 2021. Dei fleste innbetalingane skjer via Vipps. Inntekter elles er balansert mot utgiftene ved opparbeiding av badestrand og grindbygg ved Svobrua. Her går vi med eit overskot på knapt kr 20000,- . Ikkje urimeleg ut frå den betydelege eigeninnsatsen vi har gjort.

Saldoen på driftskonto ved utgangen av året 2022 er kr 52596,-; dvs kr 2493,- mindre enn ved inngangen av året. Det er utfiskingsprosjektet i Vonavatnet som framleis går med underskot.

På storvaldkonto er saldoen ved utgangen av året kr 17389 ,- dvs kr 921,- mindre enn ved inngangen på året.

- Totalbeholdninga begge kontoer er ved utgangen av 2022 dermed kr 69985 - kr 3015,- lågare enn ved utgangen av 2021.
- Sjølv om bra økonomi gir oss noko handlingsrom er vi likevel nøydde til å tenke inntekter og begrense utgifter når dette er nødvendig. Det viser seg også at det er lett å få tildelt midlar når vi har gode prosjekt å søke på, og når vi kan gå saman med andre i bygda på prosjekt med felles interesse. Vedr tynningsfisket i Vonavatnet er det no tilgang til midlar å søke på for slike innlandsfiskeprosjekt frå Vestland fylke - og det er no gjort.
- Sjå elles eiga sak på årsmøtet vedr økonomi ved gjennomgang av rekneskapen med revisjon av denne.

Deltaking i nemder og utval.

Rådgivande Utval i Naustdal/Gjengedal landskapsvernområde

Styret i Utmarkslaget har foreslått over for styret i Rådgivande utval at leiar i Utmarkslaget med nestleiar som vara i framtida skal representere Utmarkslaget i Rådgivande utval.

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Naustdal-Gjengedal/>

Fondsstyret for Utviklingsfond for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde – Utmarkslaget har etter at Sunnfjord kommune blei oppretta ikkje hatt eigen representasjon i fondsstyret, men Olav Svoen er valgt som 1. vara

<https://gloppen.kommune.no/tenester/landbruk/utmark/utviklingsfondet-naustdal-gjengedal/>

Villreinutvalget – Førdefjella villreinområde. Arne Dvergsdal er Utmarkslaget sin representantant.

<http://www.villrein.no/frdefjella-2/>

Villreinnemda for Sogn og Fjordane. Utmarkslaget har ingen medlem i nemda men Sunnfjord

kommune har valgt ein representant som representerer heile storkommunen.

<https://www.villrein.no/sogn-og-fjordane-nemnd>

Prosjekt/drift som Utmarkslaget arbeide med i 2022 og som blir vidareført i 2022 er:

- Vedlikehald og overvåking utfisking i Vonavatnet. Søknad om friske midlar (kr 100.000) for 2023-2025 er sendt Vestland Fylkeskommune.
- Vedlikehold av stimerking i ØNU sitt område.
- Småviltkartlegging i ØNU sitt interesseområde
- Dagleg drift med vedlikehold av parkeringsplassar og Svobrua friluftsområde, oppslag om fiskekort, parkeringkasser, vedlikehold av båtar, opprigging av utstyr om våren og nedrigging om hausten (båtar, kanoer, bord og benker, garn, parkeringskasser etc), kommunikasjon med kommune og administrasjonen for LV området bl.a. med uttale i forbindelse med søknader om motorisert ferdsel, løypekøyning, bygg og anlegg i ØNU sitt interesseområde.
- Utviding av parkeringsplassen ved Svobrua med 10 meter nordover. Dispensasjonssøknad til Sunnfjord kommune om løyve til å utvide parkeringsplassen og om fondsmidlar til finansieringa.
- Ivareta alle forhold omkring hjortejakta, bl.a. møte med jaktfeltleiarane, diverse tiltak som kan fremme grunneigarane sine interesser omkring hjortejakta, overvåking av «Sett og Skutt» og passe på at rapporteringa skjer slik den skal. Delte i prosessen for ny bestandsplan 2023-25. Planlegging av kurs – bl.a. ynskje om slaktekurs som det ikkje blei noko av i 2022.

For meir info sjå nettsidene <http://www.kringlen.com/ONU.html>

Viser også til Øvre Naustdal Utmarkslag si Facebook gruppe -

<https://www.facebook.com/search/top/?q=%C3%B8vre%20naustdal%20utmarkslag>

Vi takker nok ein gong Ola Kringlen for leiing av utfiskinga og overvåking av fiskesituasjonen i Vonavatnet samt bidrag til å legge ut viktig info på ØNU si nettside under Vonaportalen. Vi må også legge til at styremedlemene i Utmarkslaget legg ned eit betydeleg dugnadsarbeid for laget – både praktisk og organisatorisk. Elles vil vi takke dei av våre medlemmer som har vore med på utfiskingsdugnaden og i arbeidet med badesanden og grindbygget ved Svobrua.

Florø 01.03.23

For styret i ØNU,
Normund Svoen
Leiar.